



Siv.ing Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 7b
5059 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1814 - 19/4821

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
20.03.2019

Byggesak gbnr 27/12 Kvalheim øvre/Fløholmen - småbåthamn - førespurnad om ny handsaming

Kommunen synar til brev datert 18.03.2019 der det bes om at søknaden datert 30.07.2018 vert tatt opp til ny handsaming.

Kommunen handsama søknaden i vedtak datert 06.09.2018, sak 226/2018. Saken vart avvist med den grunngjeving at søknaden var mangelfull og at nokre av manglane var av ei karakter som gjer at søknaden ikkje kan handsamast. Manglande var følgjande;

- Det er ikkje godkjent reguleringsplan for området i samsvar med krav som følgjer av kommuneplan
- Tiltaket er i konflikt med byggegrense i sjø og det er ikkje søkt dispensasjon
- Det er ikkje erklært ansvarsrett for ansvarleg søker eller for ansvarleg prosjekterande, og det er ikkje sendt inn obligatorisk gjennomføringsplan.

Avvisningsvedtaket vart klaga på i brev datert 07.09.2018.

Fylkesmannen handsama klagen i vedtak datert 11.01.2019. Vedtaket om å avvise søknaden vart stadfesta av Fylkesmannen i Vestland.

I brev datert 18.03.2019 er det hevda at den omsøkte flytebyggja ikkje er råka av pbl. § 1-8 og byggeforbodet i strandsona.

Dette er deler av den same problemstillinga som var vurdert i saka som Fylkesmannen handsama i sitt vedtak datert 11.01.2019. At flytebyggjen, slik den er søkt om, er i strid med byggegrense i sjø i kommuneplanen er dermed endelg avgjort. Kommunen finn ikkje at det er kome frem nye opplysningar i saka som gjer grunnlag for å ta søknaden opp til ny handsaming.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1814

Med helsing

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Siv.ing Vidar Mjøs

Fabrikkgaten 7b

5059

BERGEN